



DEN NORSKE KYRKJA
Bremnes sokneråd

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Asbjørn Gundersen, Lene Fylkesnes Nesse, Hanna Sortland Raknes, Kjersti Mæland, John Olav Habbestad, Åse Innvær, Margot Totland Laurhammer, Øystein L. Olavsén

Varamedlemmer:

Eivind Olsen Engen, Iren Torget

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tysdag 07.01.2020 kl.19.00

Sak 01-01-20: Godkjenning av innkalling
Innkalling godkjent

Sak 01-02-20: Godkjenning av møtebok 03.12.2019

Sak 01-03-20: Referatsaker
Møtebok frå AU 18.12.2019

Sak 01-04-20: Økonomi
Økonomisk status. Hanna informerte ang saldoar og offer inntekter.

Sak 01-05-20 Orientering frå dei ulike utvala
Kontaktpersonar i dei ulike utvala orienterer
Dåpsvertar: Kjersti har hatt møte med dåpsvertar og sett opp liste for framtidige gudstenester. Forslag om å leie ut dåpskjolar gratis mot at desse vert levert reinsa tilbake.

Diakoniutvalet: Ingen frå det førre utvalet ynskjer å vera med vidare. Ein treng ny leiar og minst 5 personar. Flott om ein og kan få tak i et par ekstra personar som kan vera med og levere ut blomar i desember.

Sak 01-06-20 Informasjon og innspel frå kontor Øystein L. Olafsén

- Gjennomgang av prioriteringsliste frå kontor over innkjøp av div teknisk utstyr til kyrkja. Øystein innhentar prisar på utstyr. Sjå vedlagt liste.. Kan du John Olav få denne frå Øystein ?
- Utleierate for Bremnes kyrkje er pr i dag 20% av bruttoinntekt for arrangør utanfor kommunen. Øystein foreslår at ein tar opp til vurdering og endre denne til 15% då dette er normal rate andre stader, og meir interessant for utanforståande arrangørar.
- Tilsynsvakter: Forlag til å få tak i personar som kan vera med og ha ansvar og hjelpe til under utleie av kyrkja.

Sak 01-07-20 Innkjøp av trommesett til kyrkja
Det vart i forrige soknerådsmøte informert om innkjøp av trommesett til kyrkja. Bømlo Gospel og Bømlo soulchildren har bidratt kvar med kr 8000,-

Vedtak: Soknerådet vedtar innkjøp av trommesett med innskudd på kr 2000,- Trommesettet vert Bremnes kyrkje sin eigedom og soknerådet har ansvar for vedlikehald og service.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Sak 01-08-20 Sal av cembalo

Bremnes sokneråd eig i fellesskap med Moster sokneråd og Bømlø kulturskule ein cembalo som står i Bremnes kyrkje. Soknerådet har vore i kontakt med dei andre eigarane og ein er samde om at cembaloen kan seljast og at pengane kan brukast til nytt flygel i Bremnes kyrkje. Moster Sokneråd ynskjer å ta ut sin del til nytt orgel i Moster kyrkje.

Vedtak: Sal av cembalo. Pengar nyttast til nytt flygel i Bremnes kyrkje. Moster Sokneråd får overført sin del for bruk til nytt orgel i Moster kyrkje.

Sak 01-09-20: Gjennomgang av dei ulike utvala

Trus opplæring, Diakoni, Gudsteneste. Ein ynskjer at Asbjørn informerer litt om gudsteneste utvalet. Soknerådet ynskjer å ta del i dette utvalet.

Vedtak: Soknerådet har valt Lene Nesse og Margot Laurhammer som representantar til Gudsteneste utvalet. Utvalet vil bestå av prest, kyrkjelydspedagogar, kantor og representantar frå soknerådet.

Sak 01-10-20: Takk/Helsing til frivillige som går ut av teneste

Korleis skal ein takke dei frivillige i utval og komitear som avsluttar si teneste?

Vedtak: Dei får eit kort med takkehelsing og invitasjon til komande medarbeidarfest. Avtroppande sokneråd (faste medlemmar og 1.vara) får i tillegg utdelt kvar si Jubileumsbok for Bremnes Kyrkje.

Sak 01-11-20: Rydding/Organisering

Div rydding og organisering i kyrkja (sakristi, våpenhus og ferdigstilling av gang på galleriet)

Vedtak: Soknerådet møtes tysdag 21.01 kl 18:00 i kyrkja for planlegging og organisering av rydding.

Sak 10-12-19: Orienteringssaker

- Kyrkjeboka: Det er selt ca 200 av 1000 bøker.
- Minna klokke på å takke ved spesielle anledningar dei som pyntar så fint i kyrkja (Jenny Elin Solås og Ingebjørg D. Madsen til jul, påske, 17.mai osv)

John Olav Habbestad
leiar

Margot Laurhammer
Sekretær